



Modalen Næringsbygg As
Postboks 17
5732 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/251 - 23/2260

Saksbehandlar:
Stefan Karlstrøm
stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Dato:
30.08.2023

Søknadspliktig bruksendring - Gbnr. 81/62

Vi viser til dialog på telefon og e-post i juni og juli i år angående bruksendring av deler av kontorbygget på gbnr. 81/62, frå kontor til matproduksjon.

Som opplyst i e-post 15.06.23 er tiltaket å rekne som ein søknadspliktig bruksendring etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 første ledd bokstav d og SAK10 § 2-1.

Bruksendringar er ansvarsbelagt, som vil sei at de må ha inn ansvarlege føretak for å søke, prosjektere og utføre bruksendringa. Ved bruksendringar skal bygget oppfylle dagens krav, TEK17, så dei ansvarlege føretaka må vurdere om den aktuelle delen av bygget oppfyller dagens krav, og evt. kva som må gjerast for å komme opp til dagens standard. Evt. kan man søke fråvik frå krava, jf. pbl. § 31-4.

Tiltak som angår arbeidstakere må også ha samtykke fra Arbeidstilsynet.

Vi har vore i dialog med Betongindustri AS angående søknad, og dei opplyste at dette ikkje var noko dei jobba med. Vi rår derfor til at de tek kontakt med eit ansvarleg føretak med det første, slik at de kan komme i gang med prosessen.

Vi ber om ein komplett byggesøknad innan 30.10.23. Mottar vi ikkje ein søknad innan fristen, vil vi vurdere tvangsmidlar etter pbl. kapittel 32.

Har de spørsmål til saka, kan de ta kontakt med meg på tlf. 97552504, e-post stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Med helsing

Stefan Karlstrøm
Sakshandsamar
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Mottakere:

Modalen Næringsbygg As

Postboks 17

5732

Modalen